

Retningslinjer for bruk av viltfondet

Rådmannen si innstilling:

1. Fondet kan nyttast til

- a) å dekke kommunen sine utgifter til ettersøk samt handtering av fallvilt.
- b) tiltak for å førebygge skade på landbruksnæringa voldt av hjorteviltet.
- c) tiltak for å fremje viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet og jaktorganisering.

Fondet kan yte tilskot til konkrete prosjekt. Det vert ikkje gitt tilskot til drift av organisasjonar.

2. Disponible midlar

I følgje gjeldane retningslinjer heiter det: «Den årlege summen som kan disponerast i samsvar med punkt 1 b og c er avgrensa til seiste overskot av fondet.»

Administrasjonen kan løyve midlar jf. punkt 3 utan søknad viss:

- a) Differansen mellom inntekter og utgifter må vere over kr 15 000,- siste år, når ein ser vekk frå løyvde midlar.*
- b) Det kan gjerast unntak frå punkt a) viss saldoen på viltfondet er over kr 50 000,- ved årsskifte.*
- c) Innkjøp av viltslikkesteinar vurderast opp mot andre søknadar viss ikkje punkt a) eller b) er innfridd.*

3. Administrasjonen av fondet

- a) Mynde til å administrere Bygland kommune sitt viltfond er delegert til vilt- og fiskeremnda.
- b) Rådmannen gis mynde til fortløpande å kunne dekke kostnader i samband med fallviltarbeid.
- c) Rådmannen gis mynde til å bruke maksimalt kr 15 000,- pr. år til aktuelle tiltak som fremjar viltforvaltninga i kommunen.
- d) Rådmannen gis mynde til å dekke utgifter i samband med årlege fellesmøtet for viltforvaltning utan søknad, men innanfor ramma på kr 15 000,-
- e) Rådmannen gis mynde til å kjøpe ein palle med viltslikkesteinar før 1. mars til fordeling blant valda med bestandsplan ut over ramma på kr 15 000,-

4. Søknad:

Søknader om viltfondmidlar må vere kommunen i hende innan 1. mars. Fristen skal kunngjerast i avisa Setesdølen og på kommunen si heimeside i god tid før utløp.

Samanslutningar som tek stort forvaltningsansvar i tråd med kommunale mål skal ha fordelar framfor andre. Vald med godkjent bestandsplan vil difor verte prioritert ved tildeling av midlar frå kommunale viltfondet.

5. Revisjon av retningslinjer:

Retningslinjene vert revidert ved behov og godkjennast av vilt- og fiskeremnda.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

Bakgrunn for saka

Oppretting av vilt- og fiskeremnd i ks-sak 4/12 gjer det naudsynt med små endringar av ordlyden i retningslinjer for bruk av viltfondet. Samtidig har vilt- og fiskeremnda i utvalssak 2/12, som omhandla innkjøp av viltslikkesteinar utan søknad, gjort vedtak om å endre retningslinjene for bruk av viltfondet i tråd med vedtaket.

Formelt grunnlag

FOR 2011-05-15 nr 537: Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort seier følgjande om disponering av fondet:

§ 5. Disponering av fylkeskommunale og kommunale viltfond

a. Fondet kan brukes til:

- Tilskudd til tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjoner, enkeltpersoner eller kommunen selv.
- Å dekke kommunens utgifter til ettersøk og håndtering av skadd vilt og fallvilt i kommunen.
- Tiltak for å forebygge skader på landbruksnæring voldt av hjortevilt.

b. Fondet kan ikke brukes til:

- Kommunal og fylkeskommunal administrasjon av viltforvaltningen (faste utgifter til lønn, møtegodtgjørelser, reiser mv.).
- Å erstatte skader voldt av vilt.
- Skuddpremier.

Retningslinjer for bruk av det kommunale viltfondet i Bygland av 19. juni 2008 har i punkt 5 denne ordlyden:

5. Revisjon av retningslinjer.

Retningslinjene vert revidert ved behov og vert endeleg fastsett av kommunestyret.

Vurderingar og konsekvensar

På bakgrunn av innrapporterte felt elg og hjort frå valdansvarleg krev kommunen inn fellingsavgifter etter satsar vedtekne i samband med budsjetthandsaming. Midlane tilførast viltfondet som brukast etter retningsliner fastsett av kommunestyret. I punkt 5. i retningsliner for bruk av viltfondet heiter det: «Retningslinene vert revidert ved behov og vert endeleg fastsett av kommunestyret.» I ks-vedtak 4/12, 29.3.2012, vart det det vedteke oppretting av vilt- og fiskenemnd med eige reglement. Reglementet tilseier at vilt- og fiskenemnda har kommunalt forvaltaransvar for blant anna forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgifter for elg og hjort. Rådmannen meiner difor at vilt- og fiskenemnda kan vedta endringar i retningsliner for bruk av viltfondet utan vidare godkjenning i kommunestyret.

I retningslinene som er utarbeida i 2008 hadde plan- og ressursutvalet ansvaret for viltsaker. Det er det naudsynt å bytte ut plan- og ressursutvalet med vilt- og fiskenemnda i retningslinene sidan denne nemnda har fått delegert dette ansvarsområde.

Omgrepet storvald er i nye forskrifter borte. Det heiter no vald, men ein skil mellom vald med bestandsplan eller vald utan bestandsplan. I Bygland har ein i dag seks vald med bestandsplan på elg og to vald ut bestandsplan for elg. Tre vald har òg bestandsplan for hjort.

I følgje dei kommunale retningslinene har Bygland kommune høve til å dele ut viltfondsmidlar tilsvarande overskotet av viltfondet føregåande år. Retningslinene omtalar ikkje bruk av oppsparte midlar frå viltfondet. Dei åra valda utarbeider nye bestandsplanar, har ein løyvd tilskot av oppsparte midlar. Dette fører til at ein får eit underskot på viltfondsmidlane året etter.

Vilt- og fiskenemnda gjorde i utvalssak 2/12 vedtak om å endre retningslinene for bruk av viltfondet i samband med tildeling av viltfondmidlar etter søknad. Følgjande stod i vedtaket som omhandla innkjøp av viltslikkesteinar til ei permanent ordning:

Vestsida storvald sin søknad om å innføre innkjøp av ein palle med viltslikkesteinar til ei permanent ordning frå 2013 vert innvilga med følgjande vilkår:

- a) Differansen mellom inntekter og utgifter må vere over kr 15 000,- siste år, når ein ser vekk frå løyvde midlar.*
- b) Det kan gjerast unntak frå punkt a) viss saldoen på viltfondet er over kr 50 000,- ved årsskifte.*
- c) Innkjøp av viltslikkesteinar vurderast opp mot andre søknadar viss ikkje punkt a) eller b) er innfridd.*
- d) Viltslikkesteinar kjøpast inn rett etter 1. mars*

Endringar i retningsliner for bruk av viltfondet er gjort ut frå omtala punkt ovanfor.

Bygland, 09.02.2016

Rådmann

Vedlegg:

Retningslinjer for bruk av viltfondet av 19.6.2008

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgifter for elg og hjort

<http://www.lovdatab.no/for/sf/md/xd-20110515-0537.html>